

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

**Terje Søviknes (FRP)** sette på vegner av FRP, H fram slikt forslag:

«Alternativ - fylkesdirektøren si innstilling

1. Fylkestinget tek saka til orientering.
2. Fylkeskommunen skal i inntaksprosessen sikre at flest mogeleg søkjarar til Vg1 med ungdomsrett får eit tilbod dei har søkt på. Der dette ikkje er mogleg skal søkjar få tilbod om skuleplass på den nærmaste skulen med samsvarande programområdetilbod som søkjaren har tilstrekkeleg inntakspoeng til å komme inn på.
3. Fylkestinget sitt mål om at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønsker det, skal være førande for dimensjonering og planmessig utvikling av tilbodsstruktur.»

### **Avrøysting**

Søviknes sitt forslag fekk 21 røyster (FNB, FRP, H, PP) og fall.  
Innstillinga vart vedteken mot 21 røyster (FNB, FRP, H, PP).

### **Vedtak**

1. Fylkestinget sitt mål er at ingen elevar skal ha lenger reiseveg enn 1,5 time en veg med kollektivtrafikk, med mindre dei ønsker det.
2. Dimensjonering av opplæringstilbodet skal så langt det lar seg gjere vise behov for elevplassar kvart nærskuleområde og vise korleis flest mogleg søkarar kan få eit tilbod om skuleplass. Ved behov for å auke elevplassar i eit område basert på elevprognosar skal fylkesdirektøren vise korleis dette kan handsamast innanfor den gjeldande økonomiske ramma.
3. Fylkeskommunen skal i inntaksprosessen sikre at flest mogeleg søkjarar til vg1 med ungdomsrett får eit tilbod dei har søkt på. Der dette ikkje er mogleg, skal søkjar få tilbod om skuleplass på den næraste skulen med samsvarande programområdetilbod som søkjaren har tilstrekkeleg inntakspoeng til å komme inn på.
4. Fylkestinget ber om ei sak der ein vurderer å innføre reisetidsgaranti for søkjarar utan plass før gjennomføring av 3. inntaket og seinare inntak slik at ein unngår uheldige konsekvensar som vidaresending av søkjarar. Saka må også vurdere om det er mogleg at desse elevane kan gjere omval. Denne saka må sjåast i samanheng med vedtakspunkt 20 i saka om opplæringstilbodet.